



Adelskalenderen i Vestnes Varfjell er no oppdatert med kampar og mål for 2019-sesongen. Tommy Kanishi er den av dagens aktive med flest kampar, 249 totalt. Med sine 12 mål denne sesongen har han no 131 mål totalt, og passerte dermed Elling Olafsen på denne lista etter at Olafsen fekk sesongen øydelagt av skade. Ørjan Tangen passerte 200 kampar i løpet av sesongen og er ein av fem blant dagens aktive i topp-15. Det er fremleis eit stykke opp til Ronny Leikarnes på topp med 385 kampar og 325 mål.

Sesongstatistikken for 2019 viser at Juan Rikard Larsen (bildet) og Håkon Kjørvik var dei einaste som var på banen i alle dei 22 seriekampane. Nærast kom Knut Stian Eik og Svein Erik Lange Male, begge med 21. Tommy Kanishi, Fredrik Bergslid, Ørjan Tangen og Vegard Ellingseter sto over to kampar kvar.

Sju spelarar debuterte i løpet av sesongen: Fredrik Nakken, Cédrik Andreassen, Eirik Tomren, Kay Connor, Lars Helge Lien, Lucas Våge og Mustafa Chaaban.

[HEILE ADELSKALENDEREN MED KAMPAR OG MÅL I 2019 FINN DU HER](#)